

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.08.2017

Aud Karin Oen (SV) sette på vegner av SV, A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Nytt punkt (a):

Fylkesutvalet ber om at det også vert vurdert å leggje meir ansvar for oppgåver knytt til attføring av personar som har særskilde utfordringar med å kome inn i arbeidslivet til det regionale nivået. Dette arbeidet har nær tilknytning til andre oppgåver fylka i dag har ansvaret for, m.a. innan vaksenopplæring, særskilt tilrettelagte utdanningsløp, karriererettleiing, regional kompetansepolitikk og folkehelsearbeidet.

Nytt punkt (b):

Fylkesutvalet ber om at ein vurderer oppgåde- og ansvarsdelinga innan brann- og ulykkesberedskapen som ein del av arbeidet med nye oppgåver for det regionale nivået. Det er eit aukande behov for å samordne og koordinere offentlege og frivillige beredskapsressursar regionalt i høve til store brannar, ulykker og naturkatastrofar. Dette gjeld både i det regionale planarbeidet, men også gjennom direkte samarbeid med kommunale, statlege og frivillige beredskapsorganisasjonar.

Nytt punkt (c) (tillegg under miljøforvaltning):

Dei store utfordringane som plast lang kysten vår gjev, er ei oppgåve som den nye regionen bør få ansvar for. Ei utvikling av eit renovasjonsansvar for kysten bør leggjast til dette nivået.»

Anne Beth Njærheim (V) sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 1, siste setning (endringa står i kursiv)

Oppgåver og ansvar som høyrer til den siste kategorien, og som i dag ligg til regional stat, *skal overflyttast* til regionalt folkevalt nivå.»

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slik protokollmerknad:

«MDG ber om at det arbeides vidare med muligheten for å etablere forsøk med overføring av ansvar fra sykehus og høgskole til det nye fylket/regionen.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 med Njærheim sitt forslag til endring av siste setning vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag.

Oen sitt forslag til nytt punkt (a) vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag til nytt punkt (b) vart samrøystes vedteke.

Oen sitt forslag til nytt punkt (c) vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet viser til ekspertutvalet sitt mandat, der oppgådefordelinga mellom regional stat/Fylkesmannen og regionalt folkevalt nivå er nemnd særskilt. Tida er moden for å trekkje eit klårt og prinsipielt skilje mellom oppgåver knytt til tilsyn, kontroll og beredskap (samt enkelte ev. rettleiingsoppgåver) og politiske oppgåver og ansvarsområder. Oppgåver og ansvar som høyrer til den siste kategorien, og som i dag ligg til regional stat, skal overflyttast til regionalt folkevalt nivå.
2. Fylkesutvalet ber om at det også vert vurdert å leggje meir ansvar for oppgåver knytt til attføring av personar som har særskilde utfordringar med å kome inn i arbeidslivet til det regionale nivået. Dette arbeidet har nær tilknytning til andre oppgåver fylka i dag har ansvaret for, m.a. innan vaksenopplæring, særskilt tilrettelagte utdanningsløp, karriererettleiing, regional kompetansepolitikk og folkehelsearbeidet.

3. Fylkesutvalet ber om at ein vurderer oppgåve- og ansvarsdelinga innan brann- og ulykkesberedskapen som ein del av arbeidet med nye oppgåver for det regionale nivået. Det er eit aukande behov for å samordne og koordinere offentlege og frivillige beredskapsressursar regionalt i høve til store brannar, ulykker og naturkatastrofar. Dette gjeld både i det regionale planarbeidet, men også gjennom direkte samarbeid med kommunale, statlege og frivillige beredskapsorganisasjonar.
5. Dei store utfordringane som plast lang kysten vår gjev, er ei oppgåve som den nye regionen bør få ansvar for. Ei utvikling av eit renovasjonsansvar for kysten bør leggjast til dette nivået. (Tillegg under miljøforvaltning)
5. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen si saksutgreiing og støttar merknader og tilråding om innspel til nye oppgåver som ekspertutvalet må vurdere for overflytting til dei nye fylkeskommunane.

Protokollmerknad frå MDG

MDG ber om at det arbeides vidare med muligheten for å etablere forsøk med overføring av ansvar fra sykehus og høgskole til det nye fylket/regionen.